

Språkblending i amerikanske samansetjingar

Ragnhild Eik & Brita Ramsevik Riksem

Institutt for språk og litteratur & Institutt for lærarutdanning, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU)

ragnhild.eik@ntnu.no & brita.riksem@ntnu.no

I dette innlegget undersøker vi samansetjingar i arvespråket amerikansk der element frå norsk og engelsk er blanda ordinternt, t.d. *hostecandy*. Norske og engelske samansetjingar har fleire grunnleggjande likskapar, men òg enkelte viktige skilnadar. Vi undersøker korleis møtet mellom dei to språka artar seg i samansetjingar, noko som gir ny kunnskap om både samansetjingar og språkblending.

Amerikansk: Datamaterialet vårt er henta frå det amerikanordiske talespråkskorpuset *CANS* (Johannessen 2015). Desse talarane er etterkomarar etter norske utvandrarar til USA på 1800-talet og tidleg på 1900-talet. Førstespråket deira er amerikansk, men som følge av kontakta med engelsk, blandar dei ofte inn engelske ord. Undersøkingar dei seinare åra (t.d. Grimstad 2018; Riksem 2018) har vist at det typiske mønsteret for språkblending er at engelske leksikalske element blir integrerte i ein norsk funksjonell struktur:

- (1) a. **country-en**
b. et **shed**

Samansetjing: I både norske og engelske samansetjingar er høgreleddet kjerne. Vidare kan kvart ledd i samansetjinga sjølv vere ei samansetjing eller ei avleiing, (2b).

- | | | | |
|-----|----|-------------------------|------------------------|
| (2) | a. | te-kopp | tea-cup |
| | b. | observasjon-s-notat-bok | observ-ation-note-book |
| | c. | skriv-e-øving | writ-ing-exercise |

Til skilnad frå dei engelske samansetjingane kan norske samansetjingar innehalde fuger (2b-c). Vidare tillét norske samansetjingar i større grad verb som venstreledd, (2c). Basert på slike likskapar og skilnadar, undersøker vi kva typar samansetjingar som er attesterte i amerikansk og korleis desse kan analyserast.

Data og analyse: I korpuset finn vi fleire samansetjingar der norske og engelske leksikalske element er kombinerte. Både venstre- og høgreleddet er opne for leksikalsk materiale frå begge språk, og både komplekse (*bedroom-*) og monomorfemiske (*chain-*) element er brukte. Samansetjingane er typisk integrerte i ein norsk funksjonell struktur, parallelt med (1).


- (3) a. **chain-sag-a**
b. halv-**pint**-er
c. **bed-room**-glas-et

Vi finn også bruk av fuger. I norsk tar t.d. verbale venstreledd typisk *-e* som fuge i samansetjingar, og i våre data finn vi dette i samansetjingar med både norske og engelske venstreledd:


- (4) a. host-**e-candy**
b. tre **sleep-e-værelse-s**

Desse dataa tyder på at språkblandinga i amerikanorske samansetjingar er relativt fri. Dette samsvarar godt med kva vi kan forvente basert på tidlegare ikkje-leksikalistiske analysar av språkblanding i amerikanorsk (Riksem 2018) og norske samansetjingar (Eik 2019). Ved å kombinere desse tilnærmingane kan samansetjingane i (3c) og (4a) analyserast som i (5). Dette vil bli utdjupa i innlegget.

(5) a.



b.



Undersøkinga av amerikanorske samansetjingar bidrar på denne måten til djupare innsikt i korleis element frå ulike språk kan kombinerast ordinternt.

Referansar:

- Eik, R. (2019). *The Morphosyntax of Compounding in Norwegian*. (Doctoral dissertation), Norwegian University of Science and Technology, Trondheim.
- Grimstad, M.B. (2018). *English-origin verbs in American Norwegian. A morphosyntactic analysis of mixed verbs* (Doctoral dissertation). Norwegian University of Science and Technology, Trondheim.
- Johannessen, J. B. (2015). The Corpus of American Norwegian Speech (CANS). In B. Megyesi (Ed.): *Proceedings of the 20th Nordic Conference of Computational Linguistics (NODALIDA 2015)* (pp. 297–300). NEALT Proceedings Series 23.
- Riksem, B. R. (2018). *Language mixing in American Norwegian noun phrases. An exoskeletal analysis of synchronic and diachronic patterns* (Doctoral dissertation). Norwegian University of Science and Technology, Trondheim.